



Arne Bruknapp
Remmo 34
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3987 - 17/1575

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.01.2017

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense gbnr 131/29 Remme

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 131/29 Remme, motteke 29.12.2016.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for mur langs eigedomsgrense mot veg - gbnr 131/29 - på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og kant kommunal veg skal være minimum 1,0 meter.
- Mur skal i avkjørsla sin siktsone (gjeld begge retningar) ha ei maks høgde på 0,4 meter. Maks høgde 0,4 meter er satt for å hindre krav til gjerde som vil medføre at ein får ytterligare sikthindring.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunal veg. Dersom skade oppstår på mur under drift og vedlikehold av kommunal veg, er dette kommunen uvedkommende. Eigar av mur må sjølve sørge for og dekke kostnadene ved utbedring av disse.

Det er med heimel i Veglova §29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Vi gjer merksam på at tiltaket òg er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som



har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved fagsjef veg

Mottakarar:

Arne Bruknapp

Remmo 34

5911

ALVERSUND